

## NYE TILTAK ØPL 2019-2022

### Nye tiltak for reduksjon av driftsutgifter:

#### Flytte skule og barnehage frå Rand til Nordsida

Skule:

Klasstrinn	Tal elevar Rand	Tal elevar Nordsida	Samla elevtal
1.	2	8	10
2.	3	3	6
3.	0	8	8
4.	1	6	7
5.	1	3	4
6.	3	8	11
7.	4	7	11
<b>Totalt</b>	<b>14</b>	<b>43</b>	<b>57</b>

Barnehage:

Alder barn	Tal barn Rand	Tal barn Nordsida	Samla barnetal
1 år	0	3	3
2 år	4	3	7
3 år	1	4	5
4 år	1	4	5
5 år	3	5	8
<b>Totalt</b>	<b>9</b>	<b>19</b>	<b>28</b>
<b>Einingar</b>	<b>59</b>	<b>119</b>	<b>178</b>

#### Konsekvensar:

Positive	Negative	Innsparing
<ul style="list-style-type: none"><li>- Litt større klassar/grupper</li><li>- Mindre sårbare sosiale miljø</li><li>- Meir aldershomogene grupper</li><li>- Betre leikemiljø</li><li>- Større fagmiljø, både i skule og barnehage</li><li>- Betre utnytting av fagkompetansen hos lærarane</li><li>- Får nytta kapasitet på Nordsida</li><li>- Større sjanse for å få etablere SFO-tilbod</li><li>- Slepp overbemanning</li><li>- Reduserte kostnader</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Ein del elevar vil få lengre reiseveg</li><li>- Foreldre vil få lengre avstand for levering/henting</li><li>- Samlingspunktet på Rand kan bli borte</li><li>- Kan få negative konsekvensar for busetting på Rand</li></ul>	Ca 1,6 mill  Skyssutgifter Ca 50 000

#### Fagleg vurdering/tilråding:

Klassetalet etter samling av elevane på Nordsida skule vil variere frå 4 – 11 elevar. Dette er framleis små og sårbare grupper, og Nordsida har meir enn god nok kapasitet til å takle dette. Ein vil få ein meir robust skule med større fagmiljø.

Elevar frå Rand vil få lenger reiseveg til skulen, men det er innafør regelverket som seier at akseptabel reisetid for elevar 1. – 4. årstrinn er 45 min., og for elevar 5. – 7. årstrinn 60 min.

For barnehagen vil det by på mest utfordringar for ein del av foreldra på Rand som må levere og hente barna på Nordsida. Nokre av dei arbeider i retning Stryn, og vil kunne levere/hente på veg til/frå jobb.

Den viktigaste faktoren er likevel omsynet til elevar/barn. Elev/barnetalet på Rand har blitt så lite at det kan gå utover leikemiljø og fagmiljø. Elevane får undervisning i same klasse, og det er stort aldersspenn. Utfordringane med udelt skule og tilpassa opplæring er store. Det kan også vere problematisk å finne leikekameratar og leikeaktivitetar i friminutta. Sjansane for å finne jamaldra vener er større dersom det er fleire på same årstrinn.

Det same gjeld for barnehage – fleire barn i gruppa gjer det lettare å finne leikekameratar og tilpasse sosiale og faglege aktivitetar.

Ut ifrå utviklinga i elev-/barnetal på Rand og Nordsida rår administrasjonen til at barna og elevane på Rand vert flytta til Nordsida skule og barnehage.

### **Fjerne driftstilskot dyrlegane**

Kommunen er pålagt å ha ei forsvarleg veterinærteneste, men ikkje pålagt å yte tilskot. Mange kommunar har valt å ta vekk dette tilskotet.

### **Vaksenopplæringa (nye lokaler, kjøpe/bygge/leige)**

Stryn kommune har leigekontrakt med Tønning Vest som går ut i april 2020. Vi å innan den tid finne ei løysing på lokalar til både vaksenopplæringa jfr. vedtak KS 069/18, 18.09.2018.og kyrkjekontoret som også er lokalisert i Tønning Vest.

Arbeidet har starta med eit mål om ferdigstilling 30.04.2020.

### **Reduserte kostnadar flykningteneste pga færre**

Det er signalisert ein nedgang i tal flykningar som kjem til Stryn kommune og på bakgrunn av det vil vi motta mindre i tilskot. Samtidig vil behovet for tenester og kostnadar gå ned.

## **NYE TILTAK:**

### **SKULE OG KULTURSEKTOREN:**

#### **Redusert foreldrebetaling barnehage (Lovpålagt)**

Foreldre i barnehage med låg inntekt, har høve til å søke om redusert foreldrebetaling. Desse søknadane har auka mykje i omfang, og det kan sjå ut som det stadig aukar med slike søknadar.

#### **Kulturpris - innkjøp av skulpturar**

Stryn kommune har ikkje att fleire skulpturar til kulturprisføremål. Desse må vere på plass seinast 2020.

#### **Fullelektronisk klientarkiv PPT**

PPT har fått på plass godkjent digitalt klientarkiv, men har ikkje budsjett til å dekke årlege kostnadar av programmet.

### **Tilskot Innvik Ullvarefabrikk**

Innvik Ullvarefabrikk ligg inne i handlingsplanen for kultur med eit årleg tilskot.

### **Sommaropen barnehage inntil 2 veke. Prøveprosjekt**

Det har kome innspel om sommaropne barnehagar frå foreldre. Skal dette gjerast må tilsette ta ferie til andre tider i løpet av året. Ved ei slik opning må alle ha same retten til å nytte tilbodet, og barnehagane må ha kapasitet.

### **Oppvekstsenter Vikane. Frå Utvik bhg til Vikane skule (oppgradering av skule)**

Ei fagleg og pedagogisk vurdering tilseier at det er lettare med ei samlokalisering skule/barnehage. Overgangen barnehage/skule blir betre. Eit poeng med å samle barnehage og skule, er å etablere større fagmiljø der ein kan utnytte kvarandre sine kvalitetar og styrkar. Med minkande elev- og barnetal og dermed tilsette, blir dette argumentet forsterka.

Å bygge nytt i Innvik er ikkje eit framtidsretta alternativ med den barne- elevtalsutviklinga ein ser framover. Ledig kapasitet må nyttast før slikt skjer.

Administrasjonen rår til at delar av skulen vert rusta opp og tilpassa barnehagedrift i delar av bygget. Uteområdet må også tilpassast barnehagebarna.

### **Tilleggsareal Stryn ungdomsskule**

Gjeld kjøp av grunn for å få plass til betre uteområde og parkering.

Prosjektet har i mange år vore med som prioritert nærmiljøanlegg. Det har vore sett på vent med bakgrunn i mangel på areal. Skulen ønskjer at kommunen ervervar areal aust for skulen, slik at det kan verte lagt betre til rette for kroppsøving og fysisk aktivitet i friminutta. Samtidig kan området nyttast som nærmiljøanlegg. Det er ikkje nærmiljøanlegg i dette området frå før. Utløyser spelemidlar på kr. 600.000,-

### **Tonning skule**

Fleire klassar på Tonning skule er så fulle at det truleg blir behov for ein tredje parallell. Midlertidige brakker vart sett opp for å løyse eit akutt behov. Ein bør bygge for plass til 7 klasserom i tillegg til forming- og naturfagrom.

Prosjektet vart vedtatt som felles prosjekt med Stryn Vaksenopplæring i ØPL 2018 - 2021, men delt i eige prosjekt i vedtak KS 069/18 - 18.09.2018.

## **HELSE OG SOSIAL**

### **Barnevern auke/prosjektmidlar**

Tall frå både eiga KOSTRA-gruppe og landet viser at Stryn kommune ligg særst lavt på utgifter til barnevern. Lav bemanning viser seg sårbart ved fråvær. Vidare gjev det lite rom for å utvikle tenestene. Då særleg med tanke på førebyggjande arbeid og tidleg innsats. Stryn kommune er i interkommunal teneste med Gloppen kommune på tiltaksarbeid i heimen. Det viser seg likevel viktig at barnevernstenesta i Stryn har fleire egne ressursar til å arbeide tiltaksretta, dette både med kompetansebygging og fleire å fordele saker på. Prosjektmidlar for 2019.

### **Stillingsauke tenestene for funksjonshemma**

Det har i løpet av året kome brukarar til tenestene for funksjonshemma med store bistandsbehov og behov for tett oppfølging. For at tilbodet skal vere forsvarleg, og at brukarane får den bistand det er behov for, krevs det ressursar.

### **Innkjøp velferdsteknologi**

For å kome i gang med velferdsteknologiske løysingar, for å førebu oss på å kunne yte gode tenester i framtida med fleire eldre og færre arbeidshender, må kommunen investere i ulike løysingar. Innkjøp/leige av velferdsteknologi.

### **Ruskonsulent 0,5 årsverk**

Stryn kommune har fått tildelt midlar til ruskonsulentstilling sidan i 2012. Dette tilskotet opphørde for Stryn kommune sin del i 2017. Stryn kommune må framleis gje tilbod innan rusarbeidet sjølv om tilskotsperioden er over. Det er tilsett ruskonsulent i 100% stilling som har jamleg oppfølging med brukarar som har behov for tenester innan rusomsorga. Stillinga har vore organisert under Nav. Oppgåvene vil verte flytta til avdeling for psykiske helsetenester. Dette ut frå at ein ser det som hensiktsmessig å ha felles rus- og psykisk helseavdeling. Då oppgåvene vert fordelt til eit team ser ein moglegheit for å kunne nytte eksisterande ressursar til oppfølging av rusarbeidet. Det vil likevel verte knapt med ressursar ut frå dagens bemanningsnivå. Det vert difor føreslege å auke bemanninga i psykiske helsetenester, tenester i heimen, med 0,5 stilling.

### **Vikane omsorgssenter - rehabilitering**

Ved Vikane omsorgssenter er det 31 institusjonsplassar. 2 av 4 avdelingar er bygde i 1977. 16 av 31 rom deler bad med anna rom. (2 rom pr. bad). 12 rom har eige bad og har grei standard. 2 rom har gammal standard, men har eige bad. 1 rom har bad i tilknytning til avdelingsleiar sitt kontor.

Det har vore gjort ei kartlegging av moglegheit for å byggje om plassane slik at alle får eige bad. I kartlegginga kom det fram at det ikkje er mulig å få bygd eit bad pr. rom. Korkje badet og rommet vil stette krav om universell utforming. Dersom kvart rom skal ha eige bad må ein difor finne andre løysingar.

Det vil i løpet av 2019 bli jobba med ulike løysingar for å renovere, eventuelt bygge nye plassar ved Vikane omsorgssenter. Alternativt å bygge fleire plassar ved Stryn omsorgssenter og redusere tal plassar ved Vikane omsorgssenter.

## **TEKNISK SEKTOR**

### **Førebyggjande kurs**

Dette kurset er krav i tillegg til feieutdanninga jf. Forskrift om organisering av brannvesen § 7-6

### **Befalskurs**

I Stryn brannvesen har vi ei rullerande overordna vakt. Dette er i praksis brannsjefens stedfortreder. Vakta er delt på 4 personar – brannsjef, varabrannsjef, pluss 2 andre.

Kurset er krav jf. forskrift om organisering av brannvesenet § 7 – 10 for å kunne ha overordna vakt.

### **Utrykningsleiar, BER 1**

Dette er lovpålagt, og vi manglar dette heilt. Pris pr. kandidat er bereikna til kr.76.500,-.

### **Reasfaltering 2019-2022**

Stryn kommune har eit etterslep på re-asfaltering av kommunale vegar. Fleire av vegane er sporete og har mykje krakelering. Ved krakelering trekkjer vatnet ned under asfalten, og asfalten blir fortare skada. Det er derfor viktig å halde asfalten tett.

### **Grusvegar årleg utbetring 2019-2022**

Stryn kommune har mange grusvegar som har behov for utbetring. Årleg tiltak kr. 1.000.000,-

### **Trafikktryggingstiltak 2019**

Trafikktryggingstiltak 2019 gjeld opparbeiding av rundkøyring for bussar og bilparkeringsplass ved Vikane skule. Det skal søkjast om TIK tilskot frå fylkeskommunen med 60% av kostnaden.

### **Ny brannstasjon sentrum**

Brannstasjonen i sentrum står over for nødvendige investeringar, mellom anna som følgje av pålegg frå arbeidstilsynet.

### **Brannstasjon Vikane**

Vurdere og planlegge brannstasjonen i Vikane, som står over for nødvendige investeringar, mellom anna som følgje av pålegg frå arbeidstilsynet.

### **Regulering bustadfelt Tonningskamben**

Det ligg føre tre tiltak. Desse tre er regulering av Tonningskamben til bustad, kjøp av privat areal og utbygging av bustadfelt. Feltet vil gje mange tomter og ein ser for seg at det blir utbygd stegvis.

## **Nykartlegging/ajourføring heile kommunen**

Digitale kart er eit viktig og naudsynt arbeidsverktøy som blir nytta kvar dag og desse må no oppdaterast.

## **Ny bil branninspektør**

Bilen vart importert brukt, og registrert første gang i Norge 1/2/2007. Bilen har meget dårlege køyreegenskapar og dårleg forfatning. Branninspektøren brukar denne bilen på oppdrag til alle kantar av kommunen. Bilen blir også brukt av brannvesen til å frakte mannskap ved behov.

## **SENTRALADMINISTRASJONEN**

### **BYGG OG VEDLIKEHALDSAVDELINGA**

#### **Tiltak innan bygg og vedlikehaldsavdeling inkl innspel frå arbeidsmiljøutvalet:**

- Nordsida skule-Utelys parkering/port
- Loen barnehage- utelys
- Vikane oms.senter- nye vindauge hovedkjøkken
- Vikane oms.senter- nye radiatorar i kontorfløyen
- Setrevn.4-Skjerming ambulanseinngang
- Oppstryk skule- skifte punkterte/trekkfulle vindauge aust
- Stryn symjehall - skifte sandfilter

Symjehallen i Stryn har behov for nytt sandfilter. Om dette ikkje blir bytta før det gamle sluttar å fungere må ein stenge symjehallen fram til dette er bytte.

#### **Framtidige vedikehaldsprosjekt DRIFT inkl AMU**

For framtidige prosjekt i Bygg og vedlikehalds avdelinga, vil det bli satt av ein årleg pott på kr. 300.000,- på driftstiltak og 500.000,- på investeringar. Desse blir prioritert ut i frå føringar frå Arbeidsmiljøutvalet og bygg og vedlikehaldsavdelinga.

#### **Framtidige vedikehaldsprosjekt INVEST inkl AMU**

Sjå tekst over.

## **TVERRSEKTOR**

### **KS Digitaliseringsprosjekt**

Digitalisering er ein stor del av det Stryn kommune må vurdere for å få betre effektivitet i drifta vår. Utviklinga går raskt og vi treng å følge med på det som skjer, og kva nytte Stryn kommune kan ha av dette. KS har sendt ut invitasjon til alle kommunar og fylkeskommunar om eit felles digitaliseringsprosjekt saman med staten. Formålet med ordninga er å utvikle fleire nye felles digitale løysningar for kommunal sektor. Ved å utvikle løysningar saman, får vi betre kvalitet og lågare pris på det som utviklast.

## **PLAN OG NÆRING**

### **Grøntpunkt info i Loen**

Gjeld kostnad til etablering av eit «infopunkt» med toalett og opplegg for bosshandtering, lokalisert ved parkeringsplassen til «Skåla» (jfr. dok 17/2100). Tilskot Miljødirektoratet på 50 % av kostnadane.

### **Utvidig toalett Olden**

Gjeld estimert kostnad til utviding av toalettkapasiteten i Olden. Korleis dette skal skje er ikkje avklart.

### **Innløysing av areal Tonningskamben**

Heng saman med dei andre tiltaka om Tonningskamben på teknisk sektor. Gjeld innløysing av areal til nytt bustadområde på Tonningskamben. Det er rekna med eit totalareal, inklusiv friområde/ areal til tursti, anna infrastruktur på totalt 210 dekar. Tiltaket var også med i ØPL 2018-2021, men kostnaden er no auka med kr. 1.000.000,-. Avdrag på lån blir dekkja gjennom kapitalfond og kommunen må sjølv dekke rentekostnad.

### **Innløysing av areal-Kjeldeflata friluftsområde**

Gjeld innløysing av festeavtale på gnr. 57, bnr. 313 og 335 i samband med at området er søkt statleg sikra. Tilskot Miljødirektoratet på kr. 220.000,-.

## **SERVICEKONTORET**

### **Lyd i møteromma på kommunehuset**

Har fått tilbakemelding på at der ikkje er bl.a. teleslynge som fungerer i møteromma.

## KYRKJELEGE FELLESRÅD

### Reperasjon av tak - Innvik kyrkje

Tiltaket var vedteke prioritert i 2018, men vart sett på vent for å først få gjennomført takreperasjon på Loen kyrkje som vart vurdert som akutt behov. Etter førre budsjetthandsaming har Riksantikvaren kome med si uttale, som medfører totalrehabilitering i staden for nytt tak, og som gjer tiltaket vesentleg dyrare. Det er førebels ikkje henta inn ny priskalkyle.

## TILTAK FRÅ ØPL 2018-2021 SOM ER VIDAREFØRT I ØPL 2019-2022

### SKULE OG KULTURSEKTOREN:

#### Tilskot til drift av løyper og idr.anl.

Innarbeida i budsjettet kr. 600.000,-, som er ei vidareføring av tiltaket i fjor.

#### Strynehallen Oppgradering del 2

Store etterslep på vedlikehald, krev store investeringar for å utvikle Strynehallen i tråd med dagens lov- og kvalitetskrav. Kr. 3.335.000,- i 2019 (same som i 2018), vil utløyse spelemidlar på kr. 1.665.000,-, og låneopptaket vil derfor bli redusert pga dette.

### TEKNISK SEKTOR

#### Petterneset parkeringsplass

Tiltaket gjeld opprusting/ferdigstilling av kommunalt parkeringsareal ved Petterneset. Private eigarar av tilstøytande areal skal også delta i prosjektet.

#### Geilevegen

##### Utbygging av bustadfelt på Tonningskamben

Det ligg føre fire tiltak. Desse er regulering av Tonningskamben til bustad, kjøp av privat areal og utbygging av bustadfelt og heng saman med tiltak Plan og næringsavdeling «Kjøp av grunn Tonningskamben». Feltet vil gje mange tomter og ein ser for seg at det blir utbygd stegvis. Kr 15 mill er såleis fyrste byggjetrinn i utbygginga.

#### Veg Storesunde

Tiltaket gjeld bygging av ny veg frå Fv722 til Storesunde skule i samsvar med reguleringsplan frå 25.6.2015. Stryn kommune har inngått rettsforlik. I forhold til gjennomføringsevne er det lagt opp til oppstart i 2020 med ferdigstilling i 2021.



## **SENTRALADMINISTRASJONEN**

### **BYGG OG VEDLIKEHALDSAVDELINGA**

#### **Styring varmeanlegg Tonning skule**

Vitale komponentar ute av funksjon, som gjer varmestyring vanskeleg. Ved å bytte styring på varmeanlegget vil det bli enklare å fjernregulere temperatur og det dette vil medføre reduserte energikostnader og arbeidtid for vaktmeisterane.

### **SERVICEKONTORET**

#### **Digitalisering Arkiv**

Lovpålagt.

For åra framover må det settast av midlar i budsjett til avlevering av arkiv og det er tre viktige grunnar til dette:

1. Den lovmessige plikta om avlevering.
2. Arkivkapasiteten på Kommunesenteret er sprengt
3. Vi har arkiv som må sikrast betre mot brann.

Byggesak/landbruk/skogsvegar/kart og oppmåling kan ein digitalisere og finansiere dette gjennom låneopptak. Digitalisering av arkiva bety at papirdokument blir scanna, og gjort tilgjengelege og søkbare i eit eigna dataprogram.

### **PERSONALAVDELINGA**

#### **Fagbrev som Helsefagarbeidar**

Kompetanse er nøkkelen for å kunne sikre kvalitativt gode tenester til våre innbyggjarar. I Pleie og omsorg er andel tilsette utan formell utdanning i Stryn kommune pt ca. 32%. Det blir viktig å vidareføre tilbodet for tilsette som ynskjer å ta teori til fagbrev som «Praksiskandidat». Vi må bidra med stipend for å dekke faktiske utgifter dersom vi ikkje får dekkja dette gjennom utviklingsmidlar frå Fylkesmannen. Dekka av fond: Ufaglærte Nordfjord

#### **Sommarjobb for ungdom**

Stryn kommune har hatt dette prosjektet sidan 2014 og fått gode tilbakemeldingar på dette. Det er ønskeleg å gjere dette om til eit permanent tiltak kvar sommar framover.

## Tiltak frå ØPL 2018-2021 som ikkje lenger er med i ØPL 2019-2022 (2019 tal)

### **Barnehage Innvik**

Dette tiltaket er ute slik at låg inne i ØPL 2018-2021. Sjå til tekst under tiltak «Oppvekstsenter Vikane. Frå Utvik bhg til Vikane skule (oppgradering av skule)» skule og kultur.

### **Tonning skule og lokale til vaksenopplæring**

Tiltaket er splitta i vidare ØPL 2019-2022.

### **Barnehage Storesunde**

Vi har per dato og så langt vi kjenner fødselstala, ikkje behov for barnehage på Storesunde.

### **Barnehage Loen**

Føresetnadane for nye barnehageplassar endra seg det siste året. Dette har i hovudsak årsak i færre flyktningar og arbeidsinnvandrarakar, men også nedgang i fødselstala. Tal barn med rett til barnehageplass er redusert. Vi får nytta kapasiteten i Stryn sentrum i løpet av barnehageåret ved å ta inn barn som ikkje har krav på barnehageplass etter lova. I Loen bur det per i dag, nok barn til å fylle ei ekstra avdeling, men dette vil føre til større ledig kapasitet i andre barnehagar, særleg Stryn sentrum.

### **Blålysbygg/ombygging/flytting brannstasjon**

Oppsummering av forprosjekt og tilråding om vidare prosess vart tatt opp som sak i FO sak 155/18 den 31.10.2018 med følgjande vedtak: «Vidare arbeid med sikte på å legge til rette for samlokalisering av naudetatane vert avslutta. Oppgradering og eventuelt flytting av brannstasjonen vert å ta stilling til i eit eige prosjekt.». Saka skal handsamast i KS 20.11.2018. For vidare prosjekt sjå under teknisk etat «Ny brannstasjon sentrum»

### **Bygging veg med fortau Solvik-Leite**

Rådmannen ser at denne vegen er viktig, men finn ikkje rom for å prioritere bygginga i økonomiplanperioden

### **Forskuddering gangveg Loen-Solvik**

Heng saman med bygging av ny veg Solvik-Leite. Rådmannen finn ikkje rom i økonomiplanen til forskuddering av dette som er ei fylkeskommunal oppgåve.

Prosjektet/-a kan eventuelt kome som eiga sak til kommunestyret etter avklaring i fylkeskommunale organ.